

Referat styremøte i Venelaget Olav H.Hauge måndag 21. september

Stad: Litteraturhuset i Bergen

Til stades: Randi Ljåstad, Audun Lødemel, Annelise Thorbjørnsen, Eivind Bergo.

1. Arrangement på Voss 10. november og i Bergen 12. november, der Øystein Hide pratar om dagboktradisjonar.

Økonomi rundt arrangementa:

Voss Folkeakademi sponsar med kroner 700.

Ventar svar på søknad til Hordaland fylkeskommune.

Arbeidsfordeling:

Annonsering 2x Hordaland og Dag og Tid. Annelise held kontakten med desse.

Randi høyrer med Sveinung Time om annonsering på HiB. Laga òg infoskriv på facebookside vår.

Audun høyrer med Alf Jansen og Voss Mållag og dei kan marknadsføra arrangementet på Voss.

Eivind informerer på arbeidsplassen sin og andre skular i bergensregionen.

Omtale i avisa Hordaland (Audun og Randi). Redigerer teksten Randi allereie har skrive.

Kontakt med Hide (Randi)

Kontakt med biblioteket på Voss og Voss Mållag (Audun)

Kontakt med Litteraturhuset (Randi)

Søkja fylket og Bergen kommune om stønad (Randi).

Gåve på Voss: (Annelise)

Gåve i Bergen: (Randi)

Gjennomføring av arrangementa:

Kulturhuset på Voss har ansvaret for billettsalet på Voss. Litteraturhuset har ansvar for billettsalet i Bergen.

Vera til stades på Voss: (Audun og Annelise)

Vera til stades i Bergen: (Eivind og Randi)

Etter arrangementa informerer me om Poesifestivalen neste haust.

Ved dørene: Dela ut brosjyrar/flygeblad ved dørene på Voss og i Bergen, samt giroar for kontingent 2016. Betalingsfrist 1. januar 2016.

2. Økonomiorientering ved Audun

270 betalende medlemmer per 21. september 2015. 15-20 medlemmer betalte i 2014, men ikkje i 2015. Desse får eit brev med ei venleg påminning samt giro for 2016. Randi kladdar eit brev.

Me sender ut infoskriv og giro for 2016 saman med medlemsheftet i oktober. Annelise og Audun har ein dagnad på Voss om dette.

God økonomi i Venelaget. Om lag kroner 120 000 på konto.

3. Medlemsheftet hausten 2015

Audun og Annelise pakkar og sender ut heftet når det er klart i oktober. Annelise og Audun har tatt på seg dette.

Kopierer 325 eksemplar. Me sender eksemplar til Litteraturhuset , samt biblioteka på Voss og Ulvik.

Tekstar til medlemsheftet:

Namn merka grønt er klare eller vert klare. Tekstar merka raudt utgår/vert utsette. Namna i parentes har kontakt med tekstforfattarane.

- ✓ **Espen Stueland**. Annelise har hatt jamleg kontakt med han. Teksten er på 12-13 sider – det er for langt.

Alternativ 1: Korta ned teksten til 5-6 sider.

Alternativ 2: Ha halve teksten i dette nummeret og resten i vårnummeret. Stueland får då dobbelt honorar. Annelise høyrer med Stueland.

- ✓ **Øystein Hide**. Randi har kontakt, er ferdig til 1. oktober. Relativt kort tekst.
- ✓ Teksten om Stein A. **Hevrøy** og Bjørn Samanlikninga Hauge/Nygard (Bjørn) går ut mellombels.
- ✓ **Hevrøy**: Teksten frå kyrkebladet om salmar.
- ✓ Intervju med **Hevrøy**. Vert klart (Bjørn).
- ✓ **Steinar Bergo**. Audun høyrer med Steinar samt med Allkopi.
- ✓ **Greene-teksten**. Teksten er klar. Audun har skrive innleiinga.

- ✓ **Ruth Lillegraven** (Randi). Teksten er undervegs.
- ✓ **Einar Økland** (Randi). Teksten vert klar. Om lag 1 side.
- ✓ **Arne Sørheim** (Randi). Teksten vert klar. Skriv om eit par Hauge-dikt.
- ✓ **Magne Velure** (Randi). Kåseri. Er på plass.
- ✓ **Sveinung Time** (Randi). Randi fekk nyleg e-post frå han, teksten er under vegs. Uvisst kva han skriv om, men det skal vera Hauge-relatert.
- ✓ **Theresa**. Me har ikkje høyrte noko frå henne, me vil ikkje masa. Kan heller spørja etter den til vårnummeret.
- ✓ **Arne Skjerven**. Har skrivne ein kort tekst om Sommarbåten, linka til *Ogmund rid heim*.

Audun høyrer med Steinar Bergo om han har eit bilete av Vassfjøra som kan passa til.

- ✓ Leiaren har ordet: **Randi**.

Kontakt med Allkopi i Bergen: Audun

Audun er redaktør. Tekstane vert sende til han for korrekturlesing. Han sender vidare/deler tekstane om han ynskjer hjelpt med dette arbeidet.

Omtale av skribentane: Alle får tak i hjå «sine» skribentar og sender dei til Randi. Eivind skriv om Bjørn Finne.

4. Ymse

a) Tilbakemelding frå Einar Økland om at me bør variera layout på medlemsheftet, td. med fargar, fleire bilete mm. Me endrar ikkje noko enno, Audun høyrer med Allkopi kva det kostar med fargekopiar.

b) Kontonummer med info om innmelding på baksida av medlemsheftet. Me fjerner adressa til Randi på baksida av heftet.

c) Vårheftet klart 1. april 2016.

d) Oppdatering av medlemslistene med e-postadresser: Eivind informerte om løysinga til Dform, som ikkje har ei god nok løysing. Informerte om alternativ, som er gmailkonto. Me går ikkje vidare

med dette no, då me ikkje har diskutert kva nytte felles utsending av epostar har. Me held fram med å informera digitalt gjennom facebookside vår.

e) Nytt møte måndag 11. januar klokka 17.15 på Litteraturhuset. Satsar på å vera ferdige til 18.58-toget forlet stasjonen. Randi bookar rom.

Eivind Berge, Bergen 21. september 2015